



Retningslinjer for tilskot til leikeplassar.

1 Mål og verkemiddel

Målet med den kommunale tilskotsordninga for leikeplassar i Voss herad er å inspirera grendalag/vel-lag til å drifta og vedlikehalda leikeplassar i nærmiljøet.

2 Kven kan få tilskot

Det vert sett fylgjande vilkår for tilskot til leikeplassar:

- Søknaden skal vera innlevert innan kunngjort søknadsfrist og på gjeldande søknadsskjema.
- Grendalag/vel-lag skal ha minimum 5 betalande medlemmer for å få tilskot.
- Søkjar må ha oppfylt sine forpliktingar over for heradet i høve tidlegare tildelte tilskot og vilkår for desse.
- Kommersielle tiltak vil ikkje få tilskot.
- Voss herad føretek ei administrativ koordinering av søknader om tilskot som vert sendt kommunen. Ein treng difor ikkje senda søknad om kommunalt tilskot til fleire kommunale instansar, eller frå fleire samarbeidande lag og organisasjonar om det same prosjektet.

3 Søknad

Det er utarbeida søknadsskjema for tilskot til leikeplassar. Søknadsskjemaet finn ein på heradet si nettside www.voss.herad.no.

På søknadsskjemaet er det påført kva for vedlegg som må sendast med. Ufullstendige søknader vert returnert. Søknader som kjem inn etter fristen vert ikkje handsama.

4 Vedtak

Vedtak vert gjort administrativt ved delegert mynde.

Alle vedtak om tilskot er å rekna som enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova §2. Alle enkeltvedtak skal grunngjevast (jf. Forvaltningslova §24) og kan påklagast (jf. Forvaltningslova §28). For administrative vedtak er utval for kultur og næring (UKN) klageorgan. Ev. klager skal sendast UKN innan 3 veker etter at vedtak er motteke.

5 Tilskot

Det vert gjeve tilskot til rehabilitering og nyetablering av leikeplassar. Rehabilitering og sikringstiltak skal ha fyrste prioritet. Vidare skal leikeplassar i område med høgt tal born mellom 0-6 år prioriterast.

5.1 Saksgang

- Søknadsfrist er 1. april
- Søknad om tilskot vert handsama administrativt (delegert mynde).



Voss herad

- Tilskot vert utbetalt i løpet av mai måned

Dokument – ID

Utarbeidd av: Bygg og eigedom, Voss herad

Godkjend av/dato: Utval for miljø og kultur i sak 11/13

Revidert:

Neste revisjon:

Saksnummer i Websak: